



Arkivnr: 2014/560-84
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		
Fylkestinget		

Endringar i vedtektene til Ungdommens fylkesting

Samandrag

Ungdommens fylkesting fekk sitt reglement inkludert i Delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune etter vedtak i fylkestinget 11.06.2014. Her vart det stadfesta at vedtektene til Ungdommens fylkesting berre kan endrast av det ordinære fylkestinget.

På Ungdommens fylkesting 25.-26. januar 2014 vart det vedteke nokre forslag til endringar i vedtektene, i hovudsak for å klargjere rollar og aldersgrensar. Desse vert nå lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget for handsaming.

Forslag til innstilling

- Vedtekter for Ungdommens fylkesting skal lyda:
§2.7 Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom mellom 15 og 20 år med tilknytning til fylket. Det vil seie at ein kan delta frå og med det kalenderåret ein fyller 15 år, og til og med det året ein fyller 20 år.

§2.18 Alle medlemar av Ungdommens fylkesutval har delegatstatus med tale-, forslags og stemmerett vert endra til: Alle medlemar og varamedlemer av Ungdommens fylkesutval har delegatstatus.

§3.5 Ungdommens fylkesting vel sju medlemmer til Ungdommens fylkesutval, det blir i tillegg valt ei varamannsliste på fem personar. Medlemene av Ungdommens fylkesutval skal veljast frå delegatane på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval skal bestå av ungdom mellom 15 og 20 år som har tilknytning til fylket i den aktuelle valperioden. Ein person som fyller 21 år det året Ungdommens fylkesting vert halde kan dermed ikkje stille til val. Ein person som fyller 20 år kan ikkje bli vald til eit toårig verv.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen
Fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.07.2014

Ungdommens fylkesutval har fått utforma eit reglement, som ein finn i Delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune s. 11, og vedtekter som ligg vedlagt denne saka. Både reglement og vedtekter kan berre verte endra på fylkestinget, og når det gjeld vedtektene er dette heimla i §5 Endring av vedtekter:

«5. 1 Fylkestinget i Hordaland har mynde til å endre vedtektene for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval. Vedtektene kan likevel berre endrast etter framlegg frå Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval kan kome med forslag om vedtektsendringar.»

Ungdommens fylkesting 2014 vart heldt 25.-26. januar på Fleischers Hotel, Voss. Der vedtok Ungdommens fylkesting, med 2/3 fleirtal, ønskje om slike endringar:

Tilleggssetning §2.7: Det vil seie at ein kan delta frå og med det kalenderåret ein fyller 15 år, og til og med det året ein fyller 20 år.

Tilleggssetning §3.5: Ein person som fyller 21 år det året Ungdommens fylkesting vert halde kan dermed ikkje stille til val. Ein person som fyller 20 år kan ikkje bli vald til eit toårig verv.

Endring §2.18: Setninga «Alle medlemmer av Ungdommens fylkesutval har delegatstatus med tale-, forslags og stemme-rett.» vert endra til «Alle medlemmer og varamedlemer av Ungdommens fylkesutval har delegatstatus.»

Bakgrunn for dei ønskja endringane er at det har vore uklart kva aldersgrensar som gjeld, samt at det ikkje er spesifisert kva rolle varamedlemer i Ungdommens fylkesutval har på Ungdommens fylkesting. Dei føreslåtte endringane vil gjere dette klarare.